


# Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy


Nr. 2 mars/april 2002



E.Schuk-02

Doria

Ved.  
Olav Melvik



# *Det er nok det som Jesus gjorde*

Me har no påskeveka framfor oss. Me skal endå en gong få fylgia Jesus frå han Palmesundag reid inn i Jerusalem og vart hylla som ein konge. Vidare til Skjærtorsdag der Jesus før påskemåltidet gjorde seg til tenar og vaska føtene til læresveinane. Eg har lese ein stad at dette skal visa oss at kristenlivet er eit liv i teneste for nesten vår, grunnlagt på Kristi teneste for oss. Så, under måltidet braut han brødet og sa : ”Dette er min lekam”, og han tok kalken med vin og sa ”Denne kalk er den nye pakt i mitt blod som vert utrent for dykk”. Dette var innstiftinga av nattverden. Det å få gå til nattverd Skjærtorsdag er alltid spesielt gripande. Me kan fylgia med Jesus i bønekampen hans i Getsemehagen, ein kamp han laut kjempa åleine, læresveinane sovna.

Så kjem langfredag med mykje liding og til sist krossfesting og død.

Og for læresveinane var alt vonlaust til tredje dagen. Påskemorgon, der han sigra over døden og kom lys levande til dei på ny. Han viste dei sin kjærleik og si kraft, og han lova å vera med dei alltid når dei no drog ut i hans teneste. Dei bar ut bodskapen om Kristi død og oppstode og heile frelsesverket . Glade, frimodige og sterke gjekk

dei frå gren til gren og forkynte at Jesus lever og råder med makt og ære.

Slik kom bodskapen omsider fram til oss og. Slik har me og fenge høve til å tru på han og ta i mot hans frelsa. Og han har lova å vera til stades der to- tre menneske er samla i hans namn, ikkje berre sundagar, men kvar dag. Trygve Bjerkrheim skreiv i 1959 ein song som tyder mykje for meg :

*Det er nok det som Jesus gjorde  
det er nok, det som han har sagt.  
Han har sona mi synd den store,  
og meg vunne så rein ei drakt.*

*Det er nok det som Jesus gjorde,  
om av syndarar størst du er.  
Du er beden til bryllupsbordet,  
også deg har din Frelsar kjær.*

*Nei, du treng ikkje lengre tvila  
for hans nåde er nok åt deg.  
På eit fullført verk får du kvila  
Og så ferdast med fryd din veg.*

*Det er nok det som Jesus gjorde,  
det i døden og dommen gjeld.  
Me vil byggja på nådeordet,  
det er berggrunn som evig held.*

# Påske - for meg

Av Johannes Melve

Når eg tenkjer på påske, tenkjer eg på det som hende med Jesus. Har du dei same tankane når du hører ordet påske.? Mange nordmenn tenkjer på snø, skiturar og fridagar når dei hører ordet påske. Om snøen ligg kvit og fin når eg skriv dette, så er snø ikkje noko vilkår for påsken. Påske vert det om snøen manglar og.

Påsken er den eldste kristne høgtida. Ja, påskedag og oppstoda er grunnen under all kristen tru. Utan oppstode , ingen kristendom. At Jesus stod opp og lever no, er det heile mi tru kviler på. Påskedag har gjort at me kristne feirar sundagen som vår helgedag. Så grunnleggjande var det som hende med Jesus at sundagen har vore vårt "varemerke" så å seia. Og påske er eldre enn jol og pinse. Så det som hende med Jesus , er grunnen til at me høgtidar påske.

Den svenske diktaren Pär Lagerquist har skrive ei bok som heter Barabbas. Røvaren som skulle krossfestast i Jerusalem, men som gjekk fri fordi Jesus tok plassen hans, er hovudpersonen i denne boka. Bibelen fortel lite om Barabbas, men diktaren har laga ei heil bok om han. Han vart aldri ein kristen, Jesu etterfylgjar, men han kunne aldri seinare frigjera seg frå Jesus og dei kristne. Det som hende i Jerusalem, merkte han for livet.

Om han gjekk ut til Golgata (staden låg utafor byen) og såg på krossfestinga, kunne han seia: "Der heng han som har teke min plass. Jesus døydde i min stad". Så konkret kan ingen seia det seinare. Men Guds ord fortel om det same, Jesus døydde i staden for deg og meg. Han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder. Straffa låg på han så vi skulle ha fred, og ved hans sår vi fikk lækjedom les me hjå profeten Jesaja, 53,5. Me trur at dette er sagt om Jesus. Han var Herrens lidande tenar, som tok på seg straffa for det andre hadde gjort. Profeten har profetert om denne gåtefulle personen som gjekk inn i staden for andre. At nokon tek plassen for andre, har hendt seinare i soga og. Men det har aldri hendt seinare at nokon har sona synda for andre for all ettertid. Jesus gjorde det. Han var offerlammet som gjekk i døden for deg og meg.

Påsken sine ord er : For meg. Det Jesus gjorde, hende for meg. Han gjekk i døden for meg. Påske kjem av eit ord som tyder å gå forbi. Bakgrunnen er det som hende med Israelsfolket i Egypt, då dødsengelen slo i hel alle fyrstefødde i Egypt og jødefolket vart sparte fordi dei hadde stroke blodet av påskelammet på dørkarmane. Blodet sparte dei den gongen. Jesu død sparer oss i dag. Når eg tek det til meg at det som hende med Jesus, er for meg, kallar Bibelen det for tru. Trua grip om det som hende med Jesus, for det er din og min einaste sjanse til evig liv. Så kan trua vera både veik og lite synleg, det avgjerande er at du vil halda fast på at det som hende med Jesus, var for meg.

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

### Direkte innval:

Kristen Stang	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Svanhild Hartveit

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Marit Skjeldal

Hosanger: Gyda Tveiten Leweis

### Kyrkjeheising redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Kristen Stang

Øyvind Vevle

## Konsertar

Sundag 14. april kl. 19.00

«Kveldssete med folketonar»

Deltakarar:

Håkon Høgemo, hardingfele  
Kvedarar frå «Kvedargruppa i  
Bergen» framfører kveldssalmar og  
påskesalmar med lokalt  
melodistoff.

Tysdag 7. mai kl. 19.30

Orgelkonsert med Petra



Veenewijk frå Holland (biletet) Orgelet i Hamre er i tidlegbarokk stil, bygd av hollandske byggjarar i 1990. Veenewijk spelar til vanleg på eit historisk orgel i Delft, og vi vil særskjelligt høyra korleis ho handsamar vårt orgel. Ho har sett opp eit program med musikk av J. S. Bach, J. L. Krebs og J. Pachelbel.

Måndag 20. mai (2. pinsedag)

Denne dagen opnar kulturveka på Osterøy. Det vert då ein konsert ca. kl. 14.00 (endeleg klokkeslett vert fastlagd seinare) der Hamre/Fliflet Energiforsyning medverkar. Musikarane i Hamre/Fliflet Energiforsyning er Ole Hamre, slagverk og Gabriel Fliflet,

# Et sitat

ved Einar Johnny Selvik

**Hva er et sitat ? Så vidt jeg vet, er et sitat en setning som er sagt av en eller annen vettug person, og dradd ut av en større sammenheng. Men noen ganger er sitatene så sterke at de kan tåle å stå alene. Av og til kommer man over slike sitater. De fester seg i hjernen på en og vil ikke slippe taket.**

I fjor fikk jeg i julegave av en eller annen, jeg har glemt av hvem, en bok av Karsten Isaksen, hvor han har samlet 365 sitater, et for hver dag i året. Noen av sitatene er hans egne, og noen er hentet fra andre. Et av sitatene nekter å slippe taket i meg. Det lyder som følger :

**"MANGE OPPLEVER MENIGHETEN SOM NOEN MENNESKER SOM HAR STJÅLET GUD".**

Mesteren for sitatet er salmedikteren Eivind Skeie. Det første som slår meg, er at han må være i kontakt med mange mennesker.

Det andre som slår meg er at kanskje han har rett ! ! Er det slik at vi kristne ubevisst eller bevisst utstråler en form for forakt for mennesker som ikke har tatt i mot Jesus ? Er vi det moderne samfunnets "fariseere" ? Er en av årsakene til at så få mennesker søker gudstjensten i kirken en redsel for blikkene de blir møtt med : " Jasså våger denne personen seg til kirke, og dette til tross for livet han/hun lever. Verden står ikke til påske." Hvis noen kjenner seg igjen, skal de vite at synden de har begått kanskje er større enn synden til disse menneskene. I Guds øyne er alle mennesker hans skaperverk og derfor like verdifulle i hans øyne. Han

sendte sin sønn Jesus ned til oss, lot han dø på korset for å sone syndene våre. Det betyr jo at alle mennesker som tror på Ham skal få tilgivelse for syndene og evig liv etter døden. Hvis vi sperrer veien for at de kan ta imot Jesus, er dette alvorlig. Husk hva Jesus sa : Jeg sier dere : På samme måte blir det større glede i himmelen over en synder som vender om, enn over nittini rettferdige som ikke trenger omvendelse. " ( Lukas 15.7 )

En annen ting, er måten vi kristne ofte er mot hverandre. Vi baksnakker hverandre, krangler om teologiske tolkninger og sår splid innad, i stedet for å gå foran som forbilder og elske hverandre. Om dette har også Jesus sagt : " Har dere kjærlighet til hverandre, da skal alle forstå at dere er mine disipler." ( Johs. 13.35 ) Vi er ikke satt til å dømme hverandre. Det kan bare Faderen, og da skal vi dømmes tillike med alle andre.

Dette er noen av de tankene som har fart rundt i mitt stakkars forvirrede hode. Jeg kan nevne at sitatet blir tema på en av temakveldene som blir arraigert av Haus sokneråd utover våren. Da vil vi få en utenforstående teolog til å snakke over temaet. Etterpå blir ordet fritt, og derfor håper jeg at flest mulig møter opp, ikke minst personer som mener at menigheten har stjålet Gud. Jeg vil gjerne vite hvorfor. Ikke for å imøtegå påstanden, men for å ta lerdom av den.

Endelig dato samt navn på innleder vil bli kunngjort senere.  
**God Påske.**

# Tema / samtalekvelder

## PLAN FOR VÅREN 2002

Møtestad: Kyrkjelydshuset i Haus kl. 19.00.

Program:

- Måltid
- Song
- Innleiing-tema-samtale
- Avslutning seinast kl. 21.30.

### 9. april:

Tema: «*Har Gud humoristisk sans? Humor i kyrkja*»

Innleiing ved Audun Stølås.

### 7. mai:

Tema: «*Er det nokon som har einerett på Gud?*»

Innleiing ved Alf R. Kallestein

Kom gjerne med eigne famlegg!!!!!!

Det kan verta endringar i programmet.

*Vi ynskjer all hjartelig velkommen til møta. Ta gjerne med gode idéar til samtaleemne eller tema.*

**VEL MØTT!**

## Familie-nytt



### HAUS

#### Døypte:

03.02 Sara Mostrøm

### GJERSTAD

#### Døypte:

17.02 Even Hagebø Fardal  
17.02 Aina Thomassen Teigland

#### Gravlagde:

15.02 Simon Fossdal (f. 1922)  
27.02 Ester Andrea Kleppe  
(f. 1919)

### BRUVIK

#### Gravlagde:

05.02 Sigmund Høylo (f. 1929)  
01.03 Torill Merete Hauge  
(f. 1949)

### HAMRE

#### Døypte:

10.02 Maria Johanne Liabø

10.02 Sandra Wergedahl  
10.02 Ida Marie Borgan  
Fosmark

#### Gravlagde:

12.02 Einar Emil Bolstad  
(f. 1921)  
14.02 Magnus Edvard Borge  
(f. 1944)  
19.02 Geir Mons Bolstad  
(f. 1959)

#### HOSANGER

#### Døypte:

03.02 Herman Neu Beckstrøm  
03.02 Andreas Neu Beckstrøm  
17.02 Malin Skjerven  
17.02 Cassandra Vedå  
17.02 Sofie Askeland Nilsen

#### Gravlagde:

21.02 Arthur Herland (f. 1918)

## Frivillighetssentralen

på Osterøy treng fleire hjelparar. Disponerer du bil og kan tenkja deg å vera besøksven kontakt telef, 56 19 21 27 eller 56 39 1821.



Frivillighetssentralen

## Konfirmasjonane

Våren 2002 vert konfirmasjonane slik:

Hosanger 28/4

Haus 28/4

Gjerstad 5/5

Hamre 12/5

Bruvik 12/5

## Påske

Påskedag i år samlar me oss i Gjerstad kyrkje til retteleg festgudsteneste. Me vonar at me kan få ei verkeleg storsamling denne dagen. Haus sokneråd lagar til påskefrukost i kyrkjelydshuset, og her er det påmelding innan måndag 25.mars . Nytt i år vert ottesong i Haus kl.09.00. og Skjærtorsdag kl.10.15 vert det skriftemål.



*Innleveringsfrist*

*nesten nr. er:*

**10. mai**

*Stoff kan sendast til:*

*Olav Meltvik*

*5284 Jyssebotn*



# Velkommen til kyrkja

## KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:  
Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53  
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.

Kyrkjesskyss til  
Hosanger  
frå Tysse,  
ring Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

## Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan  
kontaktast pr. telefon:  
Berit Torp 56 39 03 59  
Einar Johnny Selvik  
98 06 48 54

## Dåp

Det høver med dåp desse dagane:

Haus: 7/4, 9/5 og 16/6

Hamre: 7/4 og 9/6

Hosanger: 1/4, og 2/6

Gjerstad: 31/3, 21/4 og 9/6

Bruvik: 12/5 og 23/6

### 24.mars Palmesundag. Joh.12,12-24.

- Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Nattverd.  
Takkoffer til  
Årsmøte i kyrkjelyden.  
Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Prost Mestad.  
Dåp.Takkoffer til Bjørgvin bispedømeråd.

### 28.mars Skjærtorsdag. Joh.13,1-15.

- Haus kl.10.15. Skriftemålsgudsteneste. Melve.  
Haus kl.11.00. Høgmesse. Nattverd. Melve.  
Takkoffer til Redd Barna.  
Bruvik kkl.19.00. Gudsteneste. Nattverd. Melve.  
Hamre kl.19.00. Gudsteneste. Nattverd. Skeie. Takkoffer til Normisjon.

### 29.mars Langfredag. Mark.14,26-15,37.

- Haus kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Melve.  
Hosanger kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Skeie.

### 30.mars Påskeaftan. Luk.24,1-12.

- Hamre kl.23.00. Påskennattsgudsteneste. Skeie og Melve.  
Nattverd.

### 31.mars Påskedag. Joh.20,1-10.

- Haus kl.09.00. Ottesong. Melve. Takkoffer til Bergens Diakonisshjem.  
Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie og Melve.  
Nattverd. Takkoffer til Bibelmisjonen.

### 1.april 2.påskedag. Joh.20,11-18.

- Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Dåp Takkoffer til Radio Osterøy.  
Bruvik kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens SOS.  
Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.

### 7.april - 1.sundag etter påske. Joh.21,1-14.

- Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Dåp.Takkoffer til Redd Barna.  
Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie.Nattverd. Osterøy kyrkjekor syng. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

### 14.april - 2.sundag etter påske. Joh.21,15-19.

- Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Generalsekretær Heitmann preikar. Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen.  
Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Sokneprest Idar Simonsen.  
Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen.

### 19.april

- Hosanger kl.18.00. Samtalegudsteneste. Skeie og konfirmantane.

### 21.april - 3.sundag etter påske. Joh.14,1-11.

- Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd.

	Takkoffer til områdearbeideren på Osterøy. Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Resurssenteret for mishandla kvinner.	<b>19.mai. - Pinsedag. Joh.14,15-21.</b> Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Raknestunet.
Bruvik kl.19.00.		Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon.
<b>25.april</b>		<b>20.mai - 2.pinsedag. Joh.6,44-47.</b> Hamre kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie og Melve. Biskop Per Lønning preikar. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
Haus kl.19.00.	Samtalegudsteneste. Melve og konfirmantane.	
Hamre kl.18.00.	Samtalegudsteneste. Skeie og konfirmantane.	
<b>28.april - 4.Sundag etter påske. Joh.15,10-17.</b>		<b>26.mai. - Treeiningssundag. Matt.28,16-20.</b> Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Radio Osterøy.
Haus kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.	
Hosanger kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.	
<b>3.mai.</b>		<b>2.juni. - 2.sundag etter pinse. Luk.12,13-21.</b> Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Kristen Idrettskontakt (KRIK)
Gjerstad l.19.00.	Samtalegudsteneste. Melve og konfirmantane.	Bruvik kl.11.00. Gudsteneste. Skeie. Nattverd.
<b>5.mai - 5.sundag etter påske. Matt.6,6-13.</b>		Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.
Gjerstad kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Melve . Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.	<b>9.juni. - 3.sundag etter pinse. Luk.19,1-10.</b> Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Sjømannsmisjonen/Den norske kyrkja i utlandet.
Gjerstad kl.19.00.	Lovsongskveld.	Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av bok til 2.klassingane. Takkoffer til Kirkens bymisjon. Kyrkjekaffi.
<b>9.mai - Helgetorsdag. Ap.gj.1,1-11.</b>		<b>16.juni - 4.sundag etter pinse. Salme 139,1-12.</b> Haus kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av bok til 2.klassingane. Takkoffer til arbeidet blant barn i kyrkjelyden. Selskap i prestegardshagen etterpå.
Haus kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Natt- verd. Takkoffer til Navigatørane.	Kossdal kl.12.00. Friluftsgudsteneste. Skeie.
Bruvik kl.19.00.	Samtalegudsteneste. Melve og konfirmantane.	<b>23.juni.- 5.sundag etter pinse. Joh.10,40-42.</b> Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Melve. Takkoffer til Normisjon
<b>12.mai - 6.sundag etter påske. Ef.4,1-6.</b>		<b>30.juni.- 6.sundag etter pinse. Aposteldagen. Matt.16,13-20.</b> Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Bruvik kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.	
Hamre kl.11.00.	Konfirmasjonsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelysarbeidet.	
<b>17.mai - Grunnlovsdag. Joh.12,35-36.</b>		
Haus kl.10.00.	Festgudsteneste. Melve. Takkoffer til Sjømanns- misjonen/Den norske kyrkja i utlandet.	
Hamre kl.10.00.	Festgudsteneste. Skeie. Takkoffer til kristenrussen sitt misjonsprosjekt.	
Bruvik kl.11.00.	Festegudsteneste. Kalle- stein. Takkoffer til Redd Barna.	
Gjerstad kl.12.00.	Festgudsteneste. Melve. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.	
Hosanger kl.12.00.	Festgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Redd Barna.	

## Påskedags-gudsteneste

I år vil vi prøva med ei felles gudsteneste på 1. påskedag. Denne vert i Gjerstad kyrkje. Songgruppe vert med. Begge organistane og prestane deltek. Og vi håper mange frå heile prestegjeldet samlast denne dageni glede og takk over Jesu oppstode.

# Konfirmantleir



Siste helga i januar var over 70 konfirmantar og leiarar på Kvamsseter Leirstad på Kvamsskogen.

Første kvelden var det mykje song, og Unge Kristne/Ungdomsvarden hadde mesteparten av programmet.

Laurdagen var det ut på tur. Dei fleste valde å reisa til Eikedalen på ski eller Snowboard.

Ein trufast kjøkkengjeng som har vore med fleire år: Berit Mjelde

og Maria og Johannes Hundhammer, fekk god avsetning på maten dei hadde laga då middagen vart servert laurdag ettermiddag. Maten elles på leiren vart også teken godt imot. Soknepresten hadde bibeltime med etterfølgjande gruppesamling. Seint laurdag kveld var det underhaldning ved leiarane. Sundagen var det gudsteneste. Det var ein veldig grei

*Foto: nokre storkosa seg meg å skli på ei stor matte på snøen*

konfirmantgjeng. Konfirmantane vart overraska då leiarane sa at dei hadde vore ei svært grei gruppe. Dei er ikkje ofte leiarane kunne ha fått fleire timars søvn kvar natt! Konfirmantane tok del i det som føregjekk og treng høyra godord når det er på sin plass.

## Basar

I Haus kyrkjelydshus sundag 21.april kl.16.00.  
Kyrkjelaget skipar til stor basar sundag 21.april kl.16.00. I tillegg til basar vert det høve til å kjøpa kaffi og kaker. Me vonar mange vil finna vegen til kyrkjelydshuset for å vera med på basaren og få høve til å drikka ettermiddagskaffi i lag med andre !  
Mange fine ting å vinna vert det og.



# Fredheim på Skistad

v/ Herbjørg Solberg

Gjerstad Indremisjon femnde  
frå fyrt av ( 1878 ) om heile  
Gjerstad sokn. Dei lange  
vegane fekk folk til å tenkja på  
eit bedehus i kvar krins og  
seinare på deling i tre lag, Fitje  
1922 og Hauge 1944.

I Seljerdind krins gav ein utflytt  
bygdamann 300 kr. til startkapital  
i 1924. So kom det 100 kr. frå  
unemnd gjevar. Men det tok tid  
før innsamling og planlegging  
kom i gang for alvor i 1933. Tomt  
vart kjøpt på Skistad for 300 kr.  
Grunnarbeidet gjorde dei på  
dugnad. Basarar og gåver fekk  
bankinnskotet til å stiga smått om  
senn, og i 1939 våga dei endeleg  
å ta til med bygging. Byggmeister  
Olav Hannisdal hadde laga  
teikning, og han tok på seg  
arbeidet for 6.635 kr. Dei tok opp  
eit lån på 3.500 kr.

Seint om hausten stod huset  
ferdig med storsal og småsal  
opp, matsal og kjøken nede. Av

inventar kan nemnast eit par rader  
med gamle kyrkjebenker frå  
Haus, kjøpte for 150 kr. Det vart  
halde vigslahøgtid 10. desember.  
Stortingsmann Nils Lavik hadde  
ei tid vore busett i krinsen. Han  
kom og vigsla huset, og elles tala  
formannen i Nordhordland  
Indremisjon, Knut Hesjedal,  
sokneprest Klåstad og res. kap.  
Hagesæter.

Rekneskapen som vart lagd  
fram vel eit år etterpå synte eit  
samla utlegg på 11.074 kr. Billeg  
? Å nei, i ei tid då folk flest hadde  
det svært knapt økonomisk var  
dette eit stort lyft.

Små utbringningar måtte takast  
etter kvart. Men i 1961 vart det  
gjort ei storvøla. Då kom det eit  
tilbygg med toalett og garderobe,  
og det elektriske anlegget vart  
utskift. Sidan har matsalen vorte  
til peisestova for  
Ungdomsvarden, og kjøkenet har  
vorte fornya.

Fredheim var etla til møte,  
festar og andre samkommer for  
indremisjonen og liknande  
organisasjonar. Seinare vart huset  
utleigt til heradstyremøte,  
politiske møte, bondelag m.m.  
Kommunen leigde det til  
framhaldskule, engelskopplærung  
og klasserom til Seljerdind skule.  
Der var halde mange  
minnesamvær ved gravferder. No  
er det mindre uteleiga. Men det er  
vanleg møteverksemid med minst  
eit samvar for veka. Onsdag er  
fast møtekveld. Ein sundag i  
månaden er det  
ettermiddagsmøte.

Då kyrkja skulle restaurerast i  
1956 – 57, vart bedehuset vigsla  
til kyrkjeleg bruk. Dei gamle  
nummererte stoldørane i kyrkja  
vart tekne ut. Sivert Hagebø laga  
ny talarstol til bedehuset av nr. 8  
og 36. Dette skal minna oss om  
Johs.8.36 : Får no Sonen frigjort  
dykk, so vert de retteleg frie.

# Humanisme og kristendom

ved Øyvind Vevle



**Roald Fangen var på ein måte kristen-Noreg sitt kulturele alibi omkring 2. verdskrigen. Han var tidleg religiøst engasjert, men kunne vel eigentleg kallast ein religiøs humanist til han i 1934 kom i kontakt med den såkalla Oxfordrørsla. Det førte til eit kristeleg gjennombrot for han, men han voks til ein kristen personlegdom som var vanskeleg å plassera i bås, verken med Oxfordrørsla eller andre «rørsler».**

Kampen mot nazismen opptok Fangen sterkt. Det var ei tung erfaring for han å koma i nazistisk fengsel i Oslo. Det var vel då han for alvor vart klår over kor veik den profane humanismen er overfor det vonde i verda, - han tek til og med det vonde opp i seg og dunstar bort som eter i atmosfæren.

«Det humane er hjelpeøst uten sammenheng med det Gudommelige. Det er uhyggeligere enn alt at gudommeliggjørelsen av mennesket alltid og over alt skaper menneskeforakt. Troen på de såkalte menneskelige verdier - humanisme da oppfattet som en religion på human basis - er dessverre en konjunkturtro. Den trives i brede, vennligsinnede tider. Men når det humane er dyrket lenge nok, oppstår menneskegudene, diktatorene, som identifiserer seg med staten - og dermed forsvinner hele humanismen fra noteringene. Har ikke humanismen uløselig sammenheng med Gudstro, da har den heller ingen konsistens fordi den ikke eier den urikkelige

forankring i et punkt «utenfor jordens krets». Den skyldes bort i syndefloden, har ingen Gudsbeskyttet ark å redde seg i og intet frelsens Arrarat å lande på, skriv Fangen i essayet «Om synd og nåde».

Fangen hevda derimot at «synd er alle menneskers fellesutrustning, fellesforbannelse, deres felles startpunkt. Noe annet startpunkt i livet har intet menneske i seg selv. Den som mener seg å starte med arveadel, ikke arvesynd, er prisgitt den kraftigste av alle villfarelser.»...«Den som helt og holdent forelegger det ondes verden utenom seg selv og det kollektiv han selv tilhører, vet intet om hva synd er. Synd er det onde som jeg er meddelaktig i, smittet av. Jeg kan først erkjenne det ondes makt i verden når jeg har erkjent det i meg selv. Jeg kan først bekjempe det ondes makt i verden, når jeg har begynt å bekjempe dets makt i mitt eget vesen.»

Det er nå me har kome så langt i erkjenning at me anar kor hjelpeause me er. Då dug ikkje eit humanistisk farga meneskesyn som trivst därleg saman med arvesyndslæra og tilsvarande därleg saman med læra om forsoninga, at Jesus døydde i vår stad for å sona for syndene våre. Tvert imot vert Jesus vårt einaste håp. Men då er det viktig at me gjev Gud rett i alt det han seier i sitt ord om oss menneske og livet vårt. Det som Bibelen kallar synd, er synd. Det er når me erkjenner det, at evangeliet vert den frigjerande glade bodskapen som frelser oss frå syndene våre. Elles er det fåre for at me gjer Gud til ein humanist som ikkje tek det så nøyne med syndene våre, mens Bibelen lærer at han er heilag og rettferdig og ein

øyande eld (Herbr. 12,29). Men i Kristus er han miskunnsam og nådig mot alle som vender seg til han. Her tur eg at forvirringa er stor hjå eit folk som har kome langt inn i avkristninga.

Til slutt vil eg ta med noko som Jens Lund-Andersen, tidlegare forstandar i frikyrkja, skreiv i «Dagen» 23.01: «Så vidt jeg kan bedømme er det en ensidig kjærlighetsforkynnelse som setter sitt preg på mye av forkynnelsen i dag. Gud blir ofte fremstilt så snill og kjærlig at hans hellighet og rettferdighet blir borte. Gudsbildet blir ikke sant. Når en slik forkynnelse får dominere, så overflødiggjør vi Kristus og hans lidelse og død for våre synder. Hva skal vi med en stedfortreder når Gud er så jovial at han godtar omtrent alt det vi finner på? Han elsker oss uansett om vi lever i synd og utroskap og lar oss lede av han som er Guds bitre fiende.

Det er sant at Gud elsker oss til frelse. Men det er like sant at Gud ikke kan få gitt oss sin kjærlighet uten gjennom han som en dag gikk inn under Guds vrede og forbannelse i vårt sted. Hovedsaken er at Gud først og fremst må frelse oss fra sin egen vrede. Derfor korsfestet han sin egen sønn og lar han rope i sin dypeste smerte og fortvilelse: «Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg?» Bare slik kan Gud opprettholde sin hellighet og rettferdighet og likevel gjennom Kristus la sin kjærlighet få fritt løp ut til syndere som vender seg til ham. All annen prat om Guds kjærlighet blir bare pjatt og tomme talemåter.»

# Nytt frå kyrkjeleg fellesråd

# Fjerning av gravminne

Denne overskrifta i førre nr. av Kyrkjehelsing sette nok fart i mange, som no har teke kontakt med Kyrkjekontoret, for å ordne opp med festetider og festebrev. For nokre var allereie alt i beste orden, og vi ber om orsaking dersom de vart særleg uroa. Problemene for oss er at vi fra tidlegare ikkje har fullt oversyn over pårørande.

Til no er vi svært nøgde med at folk tar kontakt med Kyrkjekontoret, slik at vi kan ordne opp i alle lister og få fullt oversyn over alle som har festa grav, eller som ynskjer festa graver for tida vidare. Vi var også litt usikre på kor mange vi ville treffe gjennom Kyrkjehelsing, og det har vi no fått prov på at vi har mange trufaste lesarar. Vi vil også gjerne ha kontakt med fleire, og ber difor igjen om at dei som ynskjer å take vare på graver vidare, tek kontakt med Kyrkjekontoret v/ Mikal Toska.

Vi tek her om at den ordninga som gjeld på Osterøy:

Etter gravlegginga gjeld ei friperiode på 30 år. For ektefellegraver (dobbelt graver) gjeld dette for tida etter den som sist vart graven.

Etter dei fyrste 30 åra kan så grava festast for nye 30 år, og med betaling for 10 år om gongen.

Etter 60 år har foreldre eller born som lever framleis høve til å festa grava vidare for 5 år om gongen, elles er festetida ute og grava kan slettast. I mange høve vert nok grava likevel verande ei tid, men dette heng saman med kva for lokale planer der er for gjenbruk. I alle høve skal ein varsle om dette i god tid med oppslag og meldingar på

Kyrkjegarden, slik at pårørande som ynskjer det kan take vare på gravminna, som er deira eide.

Vi minner her også om at det ikkje er høve til å feste gravplass på førehand. Det kan berre gjerast i samband med dødsfall, eller i samband med fornying av gravperioden etter dei fyrste 30 åra.

Dersom det er spørsmål elles står vi som tidlegare nemnd gjerne til disposisjon, og vend dykk til Mikal Toska på Kyrkjekontoret.

## Rydding på kyrkjegardane 11. april:

I år startar vi ryddeaksjonen torsdag 11. april, og dei som ynskjer sjølve å take vare på kranser og anna vinterpynt må altså fjerne dette frå gravene før denne datoën.

No når folk etter kvart ynskjer å starte opp med vårryddinga på kyrkjegardane, ber vi også om at ein syns litt omsyn i høve til bosstransporten. Av omsyn til kostnadene har vi same talet på boss-spann gjennom heile året, men der ynskjer vi helst at berre det vert kasta som er av plast, papir eller isopor, og liknande.

I dei seinare åra er det heldigvis stendig fleire som nyttar kranser med halm, og det er svært kjekt då desse kan nyttast direkte i kompost, men då er det svært viktig å skilje dette frå anna avfall. Kvart år vert det mykje ekstra arbeid og ekstra kostnader fordi folk ikkje tek seg tid til å grovsortere avfallet.


Som alle andre vonar vi elles på ein fin vår, og vi vonar også at vi saman kan gjere vårt beste for at kyrkjegardane kan vere velstelte og vakre.

Lonevåg 14.03.02.  
Kristen Stang.



# Tysse bedehus 20 år

Denne våren er det 20 år sidan Tysse bedehus vart vigsla. Dette vert markert med jubileumsdagar med møte i bedehuset kl. 19.00 , 21 mars, 22 og 23 mars. Talar Odd Dubland. Palmesundag 24. mars vert det jubileumsfest som tek til med møte kl. 11.00. Tale og song v/ Odd Dubland. Middag, kaffi med kaker. Nytt møte kl. 14.00. Tale v/ Alfred Moen frå Frelsesarmeén. Han var med i møteaksjonen i 1943 som førte til vekkjing. Alle er velkomne !



## Salmar 1997

For ei tid tilbake fekk Hosanger kyrkje nye salmebøker, Salmar 1997, som er eit tillegg til den vanlege salmeboka. Med pengar frå 200-års jubileet til kyrkja og med god støtte frå Hosanger kyrkjeforeining, vart det kjøpt inn 100 salmebøker.

Den nye salmeboka vart teken i bruk på gudstenesta 10. mars.

Då vart det også gjeven takk til kyrkjeforeininga.

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**  
Krisetelefon  
815 33 300  
Epost-tjeneste:  
[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

FÅ EIT MENNESKE Å  
SNAKKE MED NÅR  
LIVET ER SOM VERST

# Konfirmantar 2002

## Konfirmantar Haus 28.april 2002

Berentsen, Chris - Andre  
Bøe, Hilde Kristine  
Bøe, Jan-Terje  
Bruvik, Brynjar Hundhammer  
Eidsnes, Daniel Halleland  
Hagenes, Tommy (Hamre konf.)  
Heggøy, Daniel  
Hekland, Veronika  
Moen, Daniel  
Nymark, Kate Yvonne Solbakken  
Ramberg, Lene  
Rivenes, Hanna  
Romslo, Ragnhild Edvardsdal  
Simmenes, Elin (Hamre konf.)  
Tennebekk, Camilla Aune  
Vatle, Anja Beate Røskeland  
Aasheim, Stian  
Aasheim, Øystein

## Konfirmantar i Gjerstad 5.mai 2002

Daltveit, Kristian  
Fick, Daniel Fredrik  
Hagebø, Ane Soldal  
Hagebø, Connie Bergstad

Hovden, Andreas  
Ingebrigtsen, Tore Hartveit  
Jacobsen, Espen Rongved  
Konradsen, Remi Andre Angell  
Knutsen, Aleksander Georg  
Lillejord, Kim Ole Ludvigsen  
Nordpoll, Siri Beate  
Revheim, Lisa Gjerstad  
Rongved, Eirik Lohne  
Skjerping, Siri Wold  
Solberg, Catrine  
Solberg, Frode  
Solberg, Marie Skare  
Stokstad, Kaj Rune Vedå  
Tinbod, Elin  
Vevle, Stina Aakre

## Konfirmantar Bruvik 12.mai 2002

Anja Skulstad Bjørgo  
Daniel Bratholmen  
Malin Bruvik  
Natalie Karoline Stokke Bruvik  
Veronica Hagenes  
Stina Kallekleiv Hanstveit  
Vegard Hermansen  
Espen Vik

## Konfirmantar i Hosanger 28. april

Marianne Birkeland  
Siren Tysse Bysheim  
Arild Forthun  
Cato Steinsland Fotland  
Malene J. Hopsdal Gjerstad  
Kenneth Siglevik Grimstad  
Martin Hole Hanstvedt  
Stein Johnny O. Hanstvedt  
Ida Mjelde Hanstveit  
Eirik Hagen Hella  
Line Hellevang  
Audun Kleppe  
Håkon Hole Lønning  
Siri Hanstvedt Myking  
Stefan Nesse  
Anders Rolland  
Stine Strømme  
Roger Tysse  
Gry Dammen Tyssebotn  
Øyvind Øvsthus

## Liste over konfirmantar i Hamre 12. mai kjem i lokalaviser seinare

# Den venaste song

av Øystein Hovden

Den venaste song i verda  
som leikar i hjarta mitt –  
er songen til Herrens æra  
som Frelsaren har meg gitt.

Den venaste song som tonar  
og lyder i verdsens larm –  
er songen om vår Forsonar  
som løyser frå sorg og harm.

Den venaste song eg kjenner  
som djupast meg gleda kan –  
er songen om Jesu hender  
og Kristus, vår trøystarmann.

Ja, venaste song på jorda  
er songen om nåden din.  
I deg Gud, og miskunnsorda  
eg vegen til himlen finn.

Ja venaste song for øyra  
er songen om Jesus Krist.  
Så hjelp du meg rett å høyra  
og eiga ditt liv til sist.


# Min plass

Eg svikta deg i dag, Herre, da klokken ringde deg fra tårnet. Da ditt folk var samla i ditt hus, var min plass tom.

Eg hadde alle orsakingane. Det var ikke vår kyrkje. Det var så langt. Det var så glatt. Eg var så trøytt. Orsakingane for mi makelege likesæle. Sakna du meg i dag, Herre ? Da du kom til ditt folk med ordet, med velsigninga, med brødet, med vinen, med nåden ? Såg du at min plass var tom, i benken, ved alterringen, i samfunnet ? Sakna du meg Herre ? Eg sakna møtet med deg, i ditt hus. Du var nok her også, i mitt hus, ved radioapparatet, men det nære og verkelege fellesskapet med dei heilage var borte. Nattverdmåltidet var borte. Ja, liturgien var også borte i dag. Eg sakna det alt saman, Herre. Mest

sakna eg å vera i ditt hus. Det er så godt å vera der. Eg som har føter og bil. Eg som ikke blir fengsla om eg går i ditt hus. Eg som ikke blir torturert. Eg som ikke må gå fleire mil. Eg ofrar ingen ting, berre min eigen dovenskap og likesæle og komfort. For å gå i ditt hus.  
Tilgi meg ,Herre. Hjelp meg ikke å svikta når klokken kallar. La min plass i ditt hus vera eit vitne for deg. La min bil vera eit vitne for deg, på kyrkjeveg.  
Og kom til dei som ikke kan koma i ditt hus, dei sjuke, dei fengsla, dei forfylgte og torturerte, dei hungrande, dei som aldri har hørt ditt ord om frelse. Kom til dei ! Og la deira tomme plass vera eit kall til meg, Gud !

Einy Rendal Elgsæter.




# *Soknepresten har ordet:*

## Statistikk

Statistikk kan brukast til så mangt. Ikkje alltid kjem den fulle sanninga fram i statistikken heller. Dei som las statistikken for Osterøy prestegjeld i sist nr. av Kyrkjhelsing, såg at samla talet på gudstenestedeltakarar hadde gått ned frå året før. Samtidig var det ein nedgang i talet på gudstenester. Reknar me ut gjennomsnittstal for gudstenestedeltakarar, ser me at nedgangen er frå 93 til 88. Dramatisk nedgang er det ikkje, men nedgangen er tydeleg.

Når var du i kyrkja sist? Då tenkjer eg ikkje på gravferder og vigsel. Det er berre ein måte å få opp besøkstala på: å gå oftare til kyrkje. I kyrkja går me ikkje for å betra statistikken eller for å glede presten (det er det vel ikkje mange som tenkjer på heller), men for du treng det. For di eiga skuld går du i til kyrkje. At tala for dåp og konfirmasjon vil variera noko frå år til år, er ikkje noko nytt. Her er barnekulla avgjerande for våre tal. Førebels er her ingen grunn til uro for denne variasjonen. Å glede seg over er det at ofringane viser berre ein liten nedgang. Når talet på gudstenester går ned, har likevel ofringane vore stort sett dei same.

Nytt i fjar var at både prestar og organistar har rett på ei frihelg i månaden, og to fridagar i veka, som dei fleste andre har hatt i mange år. For å klara dette utan å måtta leiga vikarhjelp, har me samordna frihelgane for prestar og organistar slik at dei har fri samstundes. Det vil resultera i færre gudstenester, så økonomien er avgjerande her og. Det kommunale tilskotet til kyrkja er altfor lite til å halda oppe drift i alle fem kyrkjene. Men det er heller inga løysing å konsentrera seg om færre kyrkjer. Økonomisk er det lite å vinna, og for kyrkjelydane er det berre tap. Resultatet av dagens styring er därlegare gudstenestertilbod og tenestertilbod på Osterøy. Slik er det for kyrkja og



# *Den stunda i Getsemane*

eg aldri gløyma kan,  
då du låg skjelvane på kne  
min Gud og Frelsarmann.

Getsamne, Getsamne,  
der du min Frelsar god,  
for meg låg skjelvande på kne,  
så sveitten draup som blod.

Du sorgtyngd inn i hagen kom  
og stridde sårt for oss.  
Du tok vår synd, vår død og dom,  
og bar det til din kross.

Av kjærleik der du sveitta blod,  
av kjærleik der du bad,  
av kjærleik skjelvande du stod,  
så eg går frelst og glad.

Men vil min kjærleik kolna av,  
min Frelsar eg deg bed :  
Å, minn meg om din kross og grav  
og om Getsemane.

